annonse »
GLIMT AV HIMMEL
GENERALFORSAMLINGEN 2005
TRONDHEIM 6-10 JULI
DET NORSKE MISJONSSELSKAP

annonse »
Organisasjonsguiden
Organisasjonsguiden
Skoleguiden
Reiselivsguiden
Webguiden



vl.no/personlig
Søker du din bedre halvdel?
VÅRT LAND
En bro mellom mennesker, tro og tanke



» annonse
Og en trang og snever herlighetsteologi ...

kultur

# 'Dei sa eg ikkje var eit menneske'

**Ruben Gallego vaks opp som handikappa på russiske institusjonar. Mange ønskte han død. På denne svarte bakgrunnen har Gallego skrive boka *Hvitt på svart.***

Alf Kjetil Walgermo
alf@vl.no



– Kvitt er ein gledesfarge. Det er papirets farge, seier russiske Ruben Gallego (37). Forfattaren av «Hvitt på svart» ber fram ein bodskap om fridom og håp, ei oppmoding om å kjempe. (Foto: Lars O. Flydal)

Større bilde

:
Ruben David Gonzales Gallego
Hvitt på svart

Oversatt av Peter Normann Waage
Kagge Forlag

– Eg vart ikkje sett på som eit menneske, men ein som kunne bli eit menneske. Eit menneske var den som kunne reise seg og gå på to bein, seier Ruben Gallego. Russaren vart tatt bort frå mor si i eittårsalderen, til eit nedrig liv på russiske barneheimar og gamleheimar. Ruben hadde cerebral parese. Han kunne ikkje klare seg sjølv.

Den vesle guten kunne ikkje reise seg. Men han kraup.
– At eg kunne krype, gjorde at eg overlevde. Då kunne eg komme meg nokon stad, seier han.

**Tragisk.** I boka *Hvitt på svart* fortel han om den tragiske oppveksten utan stabil omsorg. Om nettene måtte han krype naken gjennom iskalde institusjonsgangar for å komme seg på do. Ingen kom for å hjelpe han. Mens han samla krefter for å krype attende til senga, la det seg eit tynt lag av is på urinen i skåla.
Av daddaene på barneheimane fekk Ruben høyre at mora hans var ei «niggerhore». Men Ruben visste ikkje kven mora hans var. Han visste ikkje at mora var dotter av den kjende kommunistleiaren Ignacio Gallego, og at partiet kanskje hadde plassert det «upassande» barnet hennar på institusjon.

– Mitt første minne er at eg ligg i ei barneseng og gret, med det kvite taket over meg. Ingen kjem bort til meg. Eg var rundt fire år, seier han.
Etter kvart som han vaks til, skulle Ruben lære å kjenne menneske i kategoriane kvitt og svart, som ven eller fiende. Vener var dei som ønska at han skulle leve, fiendar var dei som ikkje ville at han skulle leve. Å overleve dei russiske institusjonane var ein hard kamp for eksistens.

**Humor.** Likevel, og utruleg nok, har Gallego utvikla eit humoristisk og nyansert blikk på livet.
– Når du ser på verda rundt deg, er det klart at Gud er humorist. Korleis kontinenta ligg i forhold til kvarandre, korleis kvar person ser ut. Og tenk på at forplantningsorgana og avføringsorgana på menneska ligg så nære kvarandre, seier han og gir sitatet ei uventa vending.

*– Korleis er det råd å vere så humoristisk når du har opplevd så mykje vondt?*
– Vanlegvis er det slik at dei som har vonde erfaringar, også har

kundeservice »
bestill annonse »
bli abonnent »



Rom for den gode samtalen.
PRØV VÅRT LAND GRATIS I TRE UKER!
se vår nye reklamefilm! »
annonse »
Håndverk
Se vår nye promo her!
NOREA
NOREA webradio
Vi får mange rare spørsmål...
GLIMT AV HIMMEL
ACTA
IMI-kirkens Bibelskole
SKJÆRGÅRDS MUSIC & MISSION FESTIVAL
05










humor, nettopp fordi dei har overlevd. La meg svare med ein analogi: Det dett 200 personar i havet og berre ein av dei karrar seg i land. Det kjem nokon og spør: Hei, korleis klarte du å symje så godt? Dei andre 199 er det ingen som spør, for dei har drukna.

Det er mykje svart humor hjå Ruben Gallego. Og mykje kvitt. Spørsmålet er ofte kva som er kvitt og kva som er svart. Både det kvite og det svarte representerer fridom, kamp og håp.

– Det humoristiske er ein måte å uttrykke noko på, som eg ikkje hadde fått sagt elles. Utan humor hadde eg ikkje klart å skrive. Eitt av førebileta mine, Muhammed Ali, er ein helt for meg fordi han klarte å vinne utan å smile. Eg er motsett: Utan at eg smiler, døyr eg.

**Åndeleg.** Gallegos livsoppgåve er å kjempe mot isolasjon. Den isolasjonen har sjølv smakte på som barn.

– Det finst barn som veks opp utan å møte nokon. Ein kvar isolasjon er vondskap. Jo meir isolasjon, jo meir vondskap. Dersom handikappa ikkje får observere samfunnsliv, er det noko av det verste du kan gjere mot dei. Hospitalisering hindrar mennesket i å utvikle ein personlegdom, seier Gallego.

Då han var liten, visste han ikkje at han var isolert. Han leste bøker. Men då han møtte folk utanfrå institusjonen, hadde han berre litterær erfaring, inga livserfaring. No har han brukt livserfaringa til å skrive ei skjønnlitterær bok.

– Eg skriv mest om lyst, liv og glede. Det er ingen vits for meg å fokusere på det negative, det er berre destruktivt. Eg skriv om fysisk og åndeleg styrke, som er evna til å halde fram med det du gjer. For meg er åndeleg styrke å halde fram å leve og å skrive.

*– I boka skriv du at du som barn ikkje fekk lov til å tru på Gud. Gjer du det?*

– Ja, eg trur på Gud. Men eg liker ikkje å snakke så mykje om det. Eg trur Gud finst. Eg trur at det går bra til slutt. Eg har ingen annan utveg enn å tru, men eg er ikkje eit religiøst menneske. Likevel er eg nøydd til å tru på eit positivt resultat av alle menneska eg møter, elles døyr eg. Og det vil eg ikkje. Eg vil heller kjempe.

**Menneskeverd.** Mennesket må leve av full kraft og døy av full kraft, meiner Ruben Gallego.

– Vi må kjempe mot dumskapen. På skulen sa dei til meg at eg ikkje var eit ordentleg menneske, men at dei skulle gjere menneske av meg. Dei kalla den ukjende mor mi for apekatt. Eg likte alltid apekattar på teiknefilm.

Menneskeverd definerer han som retten til å bestemme over sitt eige liv og viljen til å gjere noko for at verda skal bli ein betre stad.

– I dag tenker eg at eg ikkje var svak då eg gret. Eg var sterk. Det å bevare kjensler under forholda eg vaks opp i, er styrke.

Intervjuet med Ruben Gallego er snart slutt. Litt bortanfor han sit det ei middelaldrande dame. Det er mor hans. Dei fann kvarandre igjen til slutt, etter tretti år. Ein spansk regissør fekk spora henne opp. No har Ruben og mor flytta saman att.

– Eg opplever to ting: Stor glede over at ho finst, og sorg over at vi ikkje fann kvarandre tidlegare, seier Ruben Gallego.

Publisert: 07. April 2005 08:52

**Skriv ut denne artikkelen**

**Tips noen om denne artikkelen**

Skriv beskjed her...

Ditt navn: | Din e-post adresse: | Til e-post adresse: | Send

Flere artikler om: kultur

- 28.04 Bergmans augeblikk av nåde
- 27.04 – Klart for iTunes i Norge
- 25.04 Kulturverkstedet kan bli solgt til Bymisjonen
- 25.04 Forfattar levande ord
- 23.04 Rare dyr
- 22.04 Sogneprest utfordrar Harry Potter
- 21.04 Kunsten hans lever i 22 gudshus
- 20.04 Obelisk reiser seg i Axum
- 20.04 Stiller seg selv til veggs
- 19.04 Kirkekunst lokker tyver
- 19.04 Klarsynt og hjertevarm
- 18.04 Gladkonsert med jubel
- 18.04 Takk for at du har levet!
- 18.04 To kanonpriser til Aksel Hennie
- 18.04 Kjartan Fløgstad tildelt Målprisen
- 17.04 Frelsesarmeen gir pris til Ingvar Ambjørnsen
- 16.04 Bak klisjéane
- 15.04 'Denne musikken vil jeg møte igjen og igjen'
- 13.04 Folkefest med A-ha for Hydro

**Les flere artikler i papirutgaven av Vårt Land. Last ned i pdf-format**

**Søk i våre artikler** | Søk
Flere søkemuligheter »

annonse

0407-1007 2005 WWW.SGINFO.NO
Boliglån 2,99% eff. 3,13%
www.knif.no
www.mastermusic.no Størst på kristen musikk!
www.naxos.no
Velkommen til Bibelselskapets bokhandel
Det Norske Misjonsselskap
zett.no

Bolig til salgs
Velg område: Hele Norge
Pris fra | Pris til
Avansert | SØK »

Biler til salgs
Velg område: Hele Norge
Velg bilmerke: Alle
Avansert | SØK »

Ledige stillinger
Velg område: Hele Norge
Arbeidsområde: Alle
Avansert | SØK »

vil du annonsere? »